



ENVIR AS
Sjøkrigsskoleveien 15 (JE)
5165 Laksevåg

Saksbehandlar:
Nina Vadøy

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Envir Jord AS på Laksevåg

Kontrollnummer: 2019.145.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Arne Ove Sekkingstad

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Nina Vadøy og Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Envir Jord AS Laksevåg - lagring og behandling av forureina massar den 13. november 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 2 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda følgjer ikkje alle vilkår i løyvet.
- Internkontrollen er mangelfull for ytre miljø.

Avvika er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

	Nina Vadøy	Astrid Holte
22.11.2019	kontrollør	senioringeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ENVIR AS	
Organisasjonsnr.: 916996403	Eigd av: 916973985
Bransjenr. (NACE-kode): 46.180 - Agenturhandel med spesialisert vareutvalg ellers	

Kontrollert eining

Namn: Envir Jord AS Laksevåg - lagring av forureina massar	Anleggsnr.: 1201.0753.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 19.03.2017	Sist endra: 27.06.2019

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen vart gjennomført for å følgje opp alvorleg avvik ved førre tilsyn 19. juni 2018.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- handtering (mottak, behandling, lagring og vidarelevering) av avfall
- internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikssystem og skriftlege rutinar for ytre miljø
- utslepp til vatn, grunn og luft
- krav i løyvet etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Envir Jord AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Envir Jord AS innan 1. mars 2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Nina Vadøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 13. november 2019. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Envir Jord AS Laksevåg - lagring av forureina massar betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemnda følgjer ikkje alle vilkår i løyvet

Avvik frå:

Løyvet etter forureiningslova datert 19. mars 2017, sist endra 19. mars 2018:

- Punkt 1 Rammevilkår
- Punkt 3.8 Vidarelevering av avfall

Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1 om basiskarakterisering

Kommentarar til regelverket:

Maksimal lagringsmengde

Verksemnda har krav til maksimal lagringsmengde på inntil 5 000 tonn avfall.

Basiskarakterisering

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til norske avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om karakterisering og kriteria for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11. Avfallsprodusenten skal sørge for at det er gjennomført ei basiskarakterisering av avfallet før deponering i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 1.1.

For massar frå forureina grunn som vert levert til inert deponi skal opplysningar om samansetjing og utlekkingspotensial underbyggast ved testing. Betong som vert levert til inert deponi skal testast dersom det er mistanke om at avfallet er forureina slik at grenseverdiane kan overskridast. Med visse unntak er det ikkje krav til testing av ordinært avfall som vert levert til ordinært deponi.

Ved basiskaraterisering skal avfallsstoffnummer i samsvar Norsk Standard om klassifisering av avfall og avfallskode i samsvar med den europeiske avfallslista (EAL-kode) i vedlegg 1 til kapittel 11 om farleg avfall dokumenterast.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Maksimal lagringsmengde

Ved tilsynet var det 7 642 tonn avfall på lager. Dette er over grensa for maksimal mengd avfall på lager. Det vart opplyst at grunnen til overskridinga var at båt ikkje var komen som planlagt for nokre dagar sidan og at det var komen om lag 2 500 tonn avfall siste veka.

Basiskarakterisering

Verksemnda har levert massar frå tomter sentralt i Bergen og massar frå riving av bygg til Maren AS deponi utan fullstendig basiskarakterisering.

Basiskarakterisering for massar frå tomter sentralt i Bergen datert 16. oktober 2019 hadde følgjande manglar:

- Det er kryssa av for at massane skal leverast til inert deponi og at det ikkje er behov for kolonne- og ristetest. Verksemda opplyste at massane vart levert til ordinært deponi. Maren AS kan ta imot både inert og ordinært avfall.
- Det er ikkje lagt ved eit samandrag av analyseresultat frå stikkprøver slik Norconsult i si utgreiing datert 11. januar 2019 har rådd til for verksemda.
- Det er ikkje vist til kva delar av massane i vedlagt miljøkartlegging basiskarakteriseringa gjaldt for eller om verksemda har tatt imot alt av massane.
- Det er ikkje oppgitt avfallskode.
- Det er ikkje kryssa av for at massane er jord som er forureina sjølv om dokumentasjonen viser innhald av forureining.

Basiskarakterisering for massar frå riving av bygg (avkryssa for betong eller tegl) datert 16. oktober 2019 hadde følgjande manglar:

- Det er ikkje lagt ved eit samandrag av analyseresultat frå stikkprøver slik Norconsult i si utgreiing datert 11. januar 2019 har rådd til for verksemda.
- Det er ikkje vist til kva fraksjonar i vedlagt miljøkartlegging basiskarakteriseringa gjaldt for. Miljøkartlegginga inneheld fleire avfallsfraksjonar og fleire av fraksjonane er farleg avfall.
- Det er ikkje kryssa av for om avfallet er ordinært, inert eller farleg avfall.
- Det er ikkje oppgitt EAL-kode for avfallet. Avfallskoden står der EAL-koden skal stå.

Avvik 2

Internkontrollen er mangelfull for ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7
- Løyvet etter forureiningslova datert 19. mars 2018
 - punkt 12.1 om miljørisikovurdering
 - punkt 3.1 om dokumentasjon ved mottak
 - punkt 3.2 om mottakskontroll
- Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II
 - punkt 1.1 om basiskarakterisering
 - punkt 3 om prøvetaking

Kommentarar til regelverket:

Miljørisikovurdering

Verksemda skal ha oversikt over all aktivitet som kan føre til forureining, og må kartleggje og vurdere risiko knytt til aktivitetar eller hendingar som kan påverke det ytre miljøet. På bakgrunn av kartlegginga må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risiko der det er naudsynt.

Rutinar

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Miljørisikovurdering – § 5 andre ledd, punkt 6

Verksemda har ei skriftleg miljørisikovurdering, men følgjande hendingar/aktivitetar var ikkje omtalt i risikovurderinga for ytre miljø:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall
- Risiko ved mottak av avfall utan dokumentasjon på analyseresultat
- Risiko ved blanding av massar med ulik forureining
- Risiko ved manglande dokumentasjon av avfall inn til eller ut av anlegget
- Risikoen for spreiding av framande artar
- Støy og støv frå verksemda

Lista er ikkje uttømmmande.

Rutinar - § 5 andre ledd, punkt 6 og 7

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar som omtaler korleis krav i punkt 3.1 og 3.2 i løyvet til dokumentasjon og mottakskontroll vert gjennomført for mindre leveransar. Verksemda opplyste at dei tok imot mindre leveransar på under 20 tonn utan å krevje dokumentasjon i form av prøvetaking og analysar før mottak. Dei opplyste at før mottak undersøkte verksemda tilgjengeleg informasjon om massane og vurderte om dei kunne vere farleg avfall. Dei tok prøver for å undersøke forureiningsgraden og lagra massane i eigen konteiner i påvente av analyseresultat.

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for utføring av basiskarakterisering og prøvetakingsstrategi. Verksemda basiskarakteriserer og følgjer prøvetakingsstrategi basert på rapport frå Norconsult datert 11. januar 2019 med utgreiing av diverse regelverk, men har ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for korleis dette skal utførast.

7. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Søknad om utviding av løyvet

Envir Jord AS har 21. august 2019 søkt om utviding av løyvet. Søknaden er høyrte offentleg og er under sluttbehandling.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset (M-1243|2018)